

GO`MORGON NORDHORDLAND



TIPS OSS 916 20 916

E-post: redaksjonen@nordhordland.no

Skal du annonsere?

Ta kontakt med marknadsavdelinga:

Kurt Grindheim

kurt.grindheim@amedia.no Tlf. 416 12 002

Roar Kjetil Mikkelsen

roar.mikkelsen@nordhordland.no Tlf. 902 00 035

Torbjørn Dalland

torbjorn.dalland@amedia.no Tlf. 902 01 680

Åpningstider:

Måndag til fredag 08.00 – 16.00

• Kvernhusaugane 12, Knarvik senter, 5914 Isdalstø • Tlf. 56 35 55 55

redaksjonen@nordhordland.no • Kjem ut onsdag og lørdag

VI MEINER

Ein filosofi som får respekt

RadøyGruppen er den største private arbeidsplassen på Radøy med over 90 tilsette. I mange år har det vore ei hjørnesteinsbedrift for kommunen. Desverre er bedrifta no inne i ein tung periode. I dagens avis kan vi melde at dei i fjor fekk eit resultat før skatt på minus 18 millionar. Dette er tredje året på rad med raude tal. Samla er resultatet før skatt desse tre åra minus 44 millionar kroner. Det er betydeleg - også for ei bedrift av Radøy-Gruppen sitt kaliber.

RadøyGruppen er i all hovudsak ei familiebedrift. Den vart stifta av Olav Ståløy som framleis er inne på eigarsida, men no er det sonen Lasse som har tatt over drifta. Dette lokale eigarskapet har vore viktig og er kanskje ekstra viktig no.

For der mange bedriftsleiarar i ein slik situasjon ville sett i verk nedbemanningar og store strategiendringar, sit Ståløy-familien enn så lenge meir stille i båten. Dei trur på ny opptur og jobbar for å sikre bedrifta og arbeidsplassane. Dei har difor ikkje gjort dramatiske omstillingar. Det er ein filosofi vi trur Ståløy & co får respekt for - både på Radøy og blant norhordlendingar flest.

Så skal det seiast at RadøyGruppen også har råd til dette no. Bedrifta hadde eit superår i 2014 med enorme 754 millionar i inntekter og eit overskot på 254 millionar før skatt. Ein storkontrakt på vedlikehald av Fred. Olsen-riggen Black Dolphin i Belfast var mykje av forklaringa på dette heilt spesielle året.

Slike lukrative oppdrag har forvunne med oljekrisa og RadøyGruppen er no meir tilbake på ein normaomsetnad. I fjor auka inntektene med 43 millionar, frå 121 til 164 millionar, men likevel klarte ikkje selskapet å gå med overskot. Men resultatet frå 2014 gjer at dei har ein buffer og kan ta seg råd til fleire år på rad med tap.

RadøyGruppen har no mål om å bli ein totalleverandør på Subsea, og ifølge Lasse Ståløy tar det både tid og kostar pengar. Vi har ikkje føresetnader for å vurdere den strategien, men vi håpar Ståløy & co lykkast. Både Radøy, nye Alver kommune og Nordhordland treng eit flaggskip i industrien som RadøyGruppen lenge har vore.



PRESSENS
FAGLIGE UTVALG

Nh ønskjer å retta seg etter reglar for god presseskikk, slik desse er nedfelt i Vær Varsom-plakaten. Om nokon meiner seg ramma av urettmessig omtale, oppmodar vi dei om å ta kontakt med redaksjonen. Det er også høve til å reisa klage for Pressens Faglige Utvalg, Rådhusgt. 17, pb.46 Sentrum, 0101 Oslo, tlf. 22405040, e-post: pfu@np-nr.no.

Nh tar unna rett til å arkivera og distribuera stoff som blir kjøpt eller utgitt av Nh, i elektronisk eller annan form - anten gjennom eigen database- eller gjennom samarbeidspartnarar som avisa har avtale med. Avfotografering av stoff og annonsar for vidare produksjon er ikkje tillate utan etter avtale med Nh.



PÅ Plass: D/S «Oster» til kai på Bryggen-sida i Bergen i går formiddag.

BEGGE FOTO: VIBEKE BLICH

Til by'n som i gamle dagar

Båtar frå Nordhordland har tatt turen til by'n for å bidra til ei heilt unik stemning i helga.

Fjordsteam-arrangementet starta allereie torsdag kveld. Då kom gamle klenodium til sjøs seglande i rute frå i alt 20 kommunar i fylket og la seg til rette i Vågen.

Frå Nordhordland kom desse båtane torsdag kveld (ruta i parantes):

D/S «Oster»: Ostereidet, Hosanger, Eknesvåg, Leknestangen, Hamre og Salhus.

M/S «Hindholmen»: Fedje, Ovågen, Herd拉斯undet, Holmeknappen og Hanevik.

M/S «Gamle Mårøy»: Skjerjehamn, Mjømna, Vardetangen, Lygra og Knarvik.

M/S «Haugefisk»: Fedje og



KLENODIUM PÅ HJUL: Den nyrestaurerte Chevrolet-en frå 1929, Rutebil R-159, fekk seg også ein bergensstur denne helga.

Hoplandsjøen

«M/S Atløy»: Eivindvik, Soileibotn, Skjerjehamn, Furnes, Sløvåg, Sletta, Feste og Frekhaug.

R/S «Ragnhild Schanke»: Vi-

knes, Molvik, Tyssebotn.

■ Les reportasje frå D/S «Oster» på side 18 og 19 og sjå stor bildeserie frå Fjordsteam på vår nettside; www.nordhordland.no.



Trond Roger Nydal

Redaktør

trond.nydal@nordhordland.no
488 91 138



Morten Sæle

Journalist/fotograf

morten.saele@nordhordland.no
415 30 179



Yngve Garen Svardal

Journalist

yngve.svardal@nordhordland.no
415 30 177



Camilla Aasen Bøe

Journalist

camilla.aasen@nordhordland.no
472 88 004



Irene Bratteng Fossheim

Journalist

irene.fossheim@nordhordland.no
415 30 178